

---

Saksnr: 2020/39918-7  
Saksbehandlar: Kristin Arnestad

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		23.03.2021

## Samarbeidsavtalar - partnerskapsavtalar 2021-2022 - ekstrasak

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommunen vedtek å tildele midlar og inngå avtale for 2021-2022 med følgjande aktørar:

	Tildeling per år
NCE Seafood Innovation Cluster	100 000
GCE Subsea	100 000

2. Tildelinga blir finansiert med midlar sett av til partnerskapsmidlar/utviklingsmidlar i Innovasjon og næring sitt budsjett for 2021.

3. Det blir teke atterhald om at tildeling kan gjerast i tråd med statsstøttereguleringa.

4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å utforme avtalemal og inngå avtalane på vegne av Vestland fylkeskommune.

5. Avtalane blir inngått for ein periode på to år, 2021-2022, med atterhald om endeleg vedtak av budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025.

### Samandrag

I politisk sak 11/2021 vedtok hovudutvalet kva aktørar Vestland fylkeskommune skulle inngå næringsretta samarbeidsavtalar med for åra 2021-2022. I saka var dei to klyngeorganisasjonane NCE Seafood Innovation Cluster og GCE Subsea omtala. Dei hadde vore partnerar tidlegare, men søkte ikkje på ordninga for 2021-2022. Vi skreiv at dei vart vurdert som så strategisk viktig for arbeidet i fylket at fylkeskommunen må ha kontakt med dei, og at det på eit seinare tidspunkt ville bli vurdert å finne ei anna samarbeidsform med desse.

Vi har hatt dialog med dei to aktørane, og i etterkant av den dialogen har vi opna for at dei kunne søkje på ordninga. I denne saka vurderer vi søknadane og tilrår å sette av eit økonomisk bidrag, og inngå avtale med NCE Seafood Innovation Cluster og GCE Subsea.

Bård Sandal  
fylkesdirektør

Mette Nora Sætre  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### **Saksutgreiing**

Bakgrunn for saka

I møte 14. mai 2020 i sak PS 28/20 vedtok Hovudutval for næring å lyse ut partnerskapsmidlar for 2021-2022. Hovudutvalet vedtok samstundes kriteria for ordninga.

Samarbeidsavtalar vert inngått med aktørar som er strategisk viktige for å gjennomføre innovasjon og næringsutviklingsarbeidet i Vestland fylke. Til avtalane følgjer det med eit økonomisk bidrag, men også eit fagleg samarbeid og nettverk for å nå Vestland sine mål og strategiar.

Utlysinga vart publisert 18. mai 2020. Til søknadsfristen 19. juni kom det inn 40 søknader. NCE Seafood Innovation Cluster og GCE Subsea søkte ikkje på ordninga. Hovudutvalet tildelte midlar og vedtok kven som fekk samarbeidsavtalar i PS 11/2021. I den politiske saka omtalte vi dei to klyngemiljøa som ikkje hadde søkt, og skreiv at dei vart vurdert som så strategisk viktig for arbeidet i fylket at vi må ha kontakt med dei, og at det på eit seinare tidspunkt ville bli vurdert å finne ei anna samarbeidsform med desse.

I etterkant har det vore ein dialog med begge aktørar og det er kome fram ulike grunnar til at dei ikkje søkte. Dei har ikkje aktivt valt å ikkje søkje. Med omsyn til at andre klyngemiljø i fylket har fått støtte, og at dette er sentrale aktørar har vi opna for at dei kan søkje på nytt. Grunngevinga for at vi let to aktørar søkje og ikkje har ei opa utlysing er at akkurat desse to miljøa var omtala i saka, og at andre klynger får støtte.

I denne saka går vi gjennom søknadane og vurderer dei. Vi tek ikkje opp att all bakgrunnsinformasjon for ordninga då dette vart gjennomgått i PS 11/2021. Før vi la fram tilråding for dei andre søknadane hadde vi gjennomført fagpanel som vurderte søknadane. Også i vurderinga av desse søknadane har vi bruk panel, men i ein litt forenkla variant med færre deltakarar sidan det berre var to søknadar. Deltakarane i panelet var også med i førre runde, slik at vi sikrar at vurderingane blir samanliknbare med dei som blei gjort sist.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring har vedtakskompetanse jamfør Reglement for hovudutval for næring kapittel 3.

Vurderingar og verknader

### Kriterium for tildeling

#### Kven kunne søkje?

I utlysinga var det presisert at aktuelle søkarar var: Inkubatorar, næringshagar, klynger, men og andre aktørar som leverer tenester knytt til tilrettelegging for innovasjon og næringsutvikling i fylket.

Klyngemiljøa var såleis trekt særskilt fram i utlysinga.

#### Følgjande kriterium gjeld for vurdering av søknadane:

- Aktiviteten er knytt til regional tilrettelegging for innovasjon og næringsutvikling i samsvar med handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling 2020
- Aktøren arbeider med å fremje innovasjon og næringsutvikling i tråd med fylkeskommunen sine mål og strategiar
- I kva grad aktøren bidrar til å
  - nå mål innafor dei prioriterte innsatsområda i handlingsprogrammet for innovasjon og næringsutvikling 2020
  - yter bidrag til å nå FNs berekraftsmål, særleg dei som er referert i Handlingsprogrammet
- Aktøren samlar og styrkjer arbeidet i ein større del av fylket/ region. Minst to kommunar.
- Det vil bli lagt vekt på at søkjar har gjennomføringsevne. Det vil mellom anna omfatte organisering, metodebruk og korleis arbeidet er finansiert. Vestland fylkeskommune fullfinansierer ikkje den einskilde aktøren
- Aktørar arbeider med særlege utfordringar for næringslivet knytt til konsekvensar av koronapandemien

### Vurdering

#### NCE Seafood Innovation Cluster

NCE Seafood Innovation har vore ein del av klyngeprogrammet Norwegian Innovation Clusters sidan juni 2015. Klynga er godt etablert både nasjonalt og internasjonalt. Klynga si målsetting er å bidra til berekraftig vekst og utvikling av sjømatindustrien, med fokus på innovasjon. NCE Seafood Innovation arbeider difor målretta innan tre strategiske område: kompetanse, innovasjon og entreprenørskap. Arbeidet i klynga operasjonaliserast gjennom å arbeide med konkrete prosjekt, tilby tenester til klyngedeltakarane og gjennomføre diverse ulike aktivitetar og møtearenaer for næringen innan dei tre strategiske områda.

Vi vurderer at det er mykje godt i søknaden frå NCE Seafood Innovation, men det har vore ein fordel med sterkare forankring i heile Vestland fylke. Dei søkte om ei støtte på kr 100 000, og vi anbefaler eit tilskot på kr 100 000 som omsøkt.

#### GCE Subsea

GCE Ocean Technology er ein klyngeorganisasjon med hovudkontor i Bergen. Klynga, som tidlegare heitte NCE Subsea, fekk GCE-status (Global Centre of Expertise) i 2015. I denne overgangen låg mellom anna at perspektivet for arbeidet vart utvida frå undervass olje og gassteknologi til havteknologi i breiare forstand. Klynga har over 120 partnarar og medlemmar, med representasjon frå store delar av fylket.

GCE-statusen heng høgt, og klynga driv eit viktig arbeid innan næringar som er viktige i Vestland. I eigenpresentasjonen peikar klynga på sentrale innsatsområde som subsea olje- og gassproduksjon, marin fornybar energiproduksjon, marin matproduksjon, samt utforsking av marine minerale ressursar. Vi rår til at dei får eit tilskot på kr. 100 000 som omsøkt.

#### Oppsummering

Tabellen viser poeng i vurdering av søknaden. Poenga er sette ut frå kor godt søknaden treff på kriteria i utlysingsteksten og er ikkje knytt til løyvingsbeløp.

Karakter	Dette betyr karakteren
5	Aktøren er strategisk viktig for innovasjon og næringsutvikling i Vestland fylke. Søknaden svarer særdeles godt på kriteriet
4	Aktøren er strategisk viktig for innovasjon og næringsutvikling i Vestland fylke. Søknaden svarer godt på kriteriet
3	Aktøren er vurdert strategisk viktig for innovasjon og næringsutvikling i Vestland fylke. Søknaden svarer mindre godt på kriteriet. Den har fleire manglar
2	Aktøren vert ikkje vurdert som strategisk viktig for innovasjon og næringsutvikling i Vestland fylke. Søknaden svarer ikkje godt på kriteriet. Den har manglar
1	Søknaden fell utanfor ordninga

Søkjjar	Partnerskapsmidlar i 2020	Poeng i vurdering	Søkt sum	Anbefalt tildeling
NCE Seafood Innovation Cluster	100 000	4,00	100 000	100 000
GCE Subsea	100 000	4,50	100 000	100 000

Begge klyngene jobbar svært godt og er viktige i arbeidet med å nå måla vi har sett oss i regionale planar. 100 000 kr. er det same som tilsvarande klynger fekk i PS 11/2020 og det er naturleg å legge løyvinga på same nivå.

#### **Økonomi:**

Det er i budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 sett av 17,220 mill. kr til partnerskapsavtalar. I PS 11/2021 nytta vi berre 14,797 mill. kr. Grunnen til dette var at vi nytta noko midlar frå Statsbudsjettet Kap. 553, 61 til næringshagar og inkubatorar. Partnerskapsmidlane blir sett i samanheng med dei andre utviklingsmidlane i budsjett 2021. I handlingsplan for innovasjon og næring 2021, handsama av hovudutvalet i sak 12/2021 ligg det inne 21 mill. kr til «Søkbare utviklingsmidlar til fordeling på ulike strategiske innsatsområde». Denne summen består av utviklingsmidlar og disponible partnerskapsmidlar etter tildeling i januar. Det er av den summen vi rår til å sette av midlar no.

#### **Klima:**

Eit av tildelingskriteria var i kva grad søkjjar bidreg til FN sine berekraftsmål, og då særleg dei som er trekt fram i Handlingsprogram for innovasjon og næring 2020.

#### **Folkehelse:**

Eitt av tildelingskriteria var i kva grad søkjjar bidreg til FN sine berekraftsmål, og då særleg dei som er trekt fram i Handlingsprogram for innovasjon og næring 2020.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Midlane blei lyst ut samstundes som utviklingsplanen var på høyring, og då vi arbeida med planprogram for regional plan for innovasjon og næring og vi har så godt som råd prøvd å rette prioriteringane inn mot mål og strategiar i plandokumenta som har vore under utarbeiding. Bidra for å nå FN sine berekraftsmål er eit av tildelingskriteria for ordninga. Det er utarbeida avtalemalar tilpassa mål og strategiar i utviklingsplanen og utkastet til regional plan for innovasjon og næring.

**Konklusjon**

Vi rår til gjere vedtak som i tabellen nedanfor.

<b>Aktører som får samarbeidsavtale og tildeling frå fylkeskommunen</b>	<b>Anbefalt tildeling</b>
NCE Seafood Innovation Cluster	100 000
GCE Subsea	100 000

Det blir teke atterhald om at tildeling kan gjerast i tråd med statsstøtteregelverket.

Vi ber om at fylkesrådmannen får fullmakt til å utforme avtalemalar og inngå avtalane på vegne av Vestland fylkeskommune. Avtalane blir inngått for ein periode på to år, 2021-2022, med atterhald om endeleg vedtak av budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025.